

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.3.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 10/21. Val av fjellstyret sin representant i styret for Aurland hjorteutval

Saksopplysning/vurdering

Som fjellstyret sin representant i styret for Aurland hjorteutvald vart Håkon Øydvin vald i 2017. Personleg varamedlem for han er May Britt Martinsen. No står dei på val.

Det er ikkje automatikk i at fjellstyret er representert i styret for hjorteutvalet. Vedtektene til utvalet seier at det skal vera 7 styremedlemar med personlege varamedlemar. Desse vert valde på årsmøtet til utvalet, som i år skal heldast den 7. april (innkallinga ligg ved). Det fjellstyret kjem fram til, er såleis meir å rekna som eit forslag til årsmøtet. Ein prøver å få ei geografisk spreiding på styremedlemene, slik at alle deler av kommunen er representert. Fjellstyret har frå oppstarten av hjorteutvalet hatt ein i styret.

Framlegg til vedtak:

Som fjellstyret sin representant til styret for Aurland hjorteutval vert

..... føreslegen, med som personleg vara.

Fjellstyrekontoret, den 11.3.21

Harald Skjerdal

Innkalling til Årsmøte Aurland hjorteutval

Til valdansvarlege:

Onsdag 7.april 2021 kl. 19.00 på ungdomshuset Trudvang. **Merk ny dato på grunn av møtekollisjon Villreinutvalet.**

Sakliste:

1. Godkjenning av innkallinga
2. Val av møteiar, skrivar og to til å skrive under møteboka.
3. Årsmelding for 2020.
4. Rekneskap for 2020.
5. Budsjett for 2021.
6. Val.
7. Ymse.

8. Innkomen sak:

-Revisjon av ny Bestandsplan for 2021-2023.

-Den gamle bestandsplanen ligg på Aurland kommune sine heimasider under viltforvaltning.

Saker til årsmøte må vera innkomne innan 26.mars.

Ta kontakt med Håkon haakon.oydvin@fjellstyrene.no 99567650 eller Sigurd sigurd.vikesland@online.no 99452918

Innkallinga skjer til valdansvarlege og nokre andre jegrar som må syta for å spreie det vidare, me har ikkje epost til alle aktuelle.

Inn og utmelding av Aurland bestandsplanområde for hjort må skje innan 26.mars, for at det skal gjelda dette året.

For styret i Aurland hjorteutval
Håkon Øydvin